



Vik kommune

#velkomentilvik

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Vik kommune.

Handsama i Vik kommunestyre 18.6.2015

Innleiing

Føremålet med Vik kommune sine etiske retningslinjer er å sikra ein god etisk praksis og definera felles standard for folkevalde og tilsette.

Etikk og moral

Etikk tyder læra om moralske normer og moralsk åtferd. Etikk seier noko om kva som er rett og urett, vondt og godt. Føremålet med etiske retningslinjer er å skapa medvit om haldningar og etikk, og dermed styrka innbyggjarane si tillit til tilsette og folkevalde.

Vik kommune sine etiske retningslinjer inneholder generelle haldepunkt for vyrnad og åtferd og gjeld for alle i organisasjonen Vik kommune – både tilsette og folkevalde. Retningslinjene er verktøy for oss når me lurer på kva me bør gjera, dei skal hjelpe oss til å reflektera over handlingane våre og avgjerdene våre.

Dei etiske retningslinene legg vekt på at folkevalde og tilsette i si personlege framferd skal utføra arbeidet sitt på ein etisk forsvarleg måte, skal visa rettferd, vera lojale, opne, ærlege og pålitelege.

Folkevalde og tilsette som utøver mynde, er tenestytar og forvaltar av store samfunnsressursar. Me skal ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, arbeida for likebehandling og oppstre med respekt for andre menneske. Ein god leveregel er:

- Du skal møte andre slik du sjølv ynskjer å bli møtt.

Leiarar på alle nivå har eit spesielt ansvar for at det er gode haldningar på den einskilde arbeidsplass og fylgja opp at tilsette er kjende med, og lever etter kommunen sine etiske retningslinjer. Den enkelte tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å setja seg inn i og fylgja opp gjeldande etiske retningslinjer.

Omdøme

Den einskilde tilsette og folkevalde skal gjennom jobben sin visa ei etisk forsvarleg framferd, slik at det ikkje skadar kommunen sitt omdøme. Som tilsett og folkevald må ein vera merksam på at ein, også i private samanhengar, kan bli oppfatta som Vik kommune sin representant. Ved bruk av sosiale medium skal tilsette og folkevald vise respekt for sine kollegaer, brukarar og arbeidsgjevar både i form og innhald.

Tilsette og folkevalde skal så langt det er mogleg syta for at varer og tenester som kommunen brukar er produsert på ein etisk forsvarleg måte.

Lojalitet/ytringsfridom

Tilsette i Vik kommune har grunnleggjande rett til å ytra seg om kommunen si verksemnd.

Alle pliktar å arbeida aktivt for å nå kommunen sine vedtekne mål. Det betyr at alle må vera lojale til politiske og administrative vedtak, og halde lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen si verksemnd.

Lojalitetsplikt medfører *ikkje* plikt til å følgje pålegg om å gjera noko ulovleg eller uetisk.

Det er positivt at kommunalt tilsette engasjerer seg i ein open, fri og allsidig dialog om samfunnsspørsmål. Samstundes har Vik kommune ei forventning til sine tilsette om at dette føregår på ein verdig og konstruktiv måte, og at den einskilde reflekterer over dilemma som kan oppstå i forhold til lojalitetsplikta. Spesielt gjeld dette leiarar der kommunen forventar særleg varsemd knytta til lojalitetsplikta.

Integritet, interessekonfliktar, habilitet

Tilsette og folkevalde skal søkja å unngå å koma i situasjonar som kan føra til konflikt mellom kommunale interesser og personlege interesser, konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt.

Alle skal gjera seg kjende med reglar i forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 omkring habilitet.

Dersom personlege interesser kan påverka avgjerd i ei sak ein har fagleg ansvar for eller deltek i handsaminga av, skal dette takast opp med nærmeste overordna leiar eller møteleiar. Døme på interessekonflikt kan vere:

- Forretningsmessige forhold
- Løna bistillingar eller verv
- Engasjement i interesseorganisasjonar
- Personlege økonomiske interesser
- Kjøp av private tenester frå kommunen sine leverandørar
- Familiære eller andre nære sosiale relasjonar
- Eigen arbeidsplass står på dagsorden

For å sikra at det er open informasjon kring tilsette og folkevalde sin habilitet, oppmodar Vik kommune folkevalde og tilsette leiarar til å registrera styreverv og økonomiske interesser i www.styrevervregisteret.no

Teieplikt

Folkevalde og tilsette skal kjenna reglane om teieplikt i forvaltningslova og særlover og etterleve dette. Dei skriv også under på erklæring om teieplikta. Dokument som er unntak innsyn, eller inneholder opplysningar som er underlagt teieplikt, skal handsamast og oppbevarast på ein trygg måte. Uvedkomande skal ikkje ha tilgang til desse dokumenta. Dette gjeld òg den partimessige handsaminga av slike saker.

Utsending av slike saker skal skje i særskilte sendingar, ev. bli utdelt i møtet. Ved møteslutt skal dokument merka unntak offentlegheit, leverast til administrasjonen for makulering.

Open forvaltning

Ein føresetnad for eit velfungerande demokrati er at det er ein open diskusjon og at det blir lagt til rette for offentleg informasjon. Tilsette og folkevalde skal leggja vekt på meiroffentlegheit så langt det er rimeleg, og lovverket tillet det.

Varsling

Det er ein samanheng mellom krav til open forvaltning, lojalitet og plikt til å rapportera om uheldige tilhøve i verksemda. I samsvar med Arbeidsmiljølova har alle tilsette i kommunen rett og plikt til å varsle om kritikkverdige tilhøve, samstundes som regelverket gjev arbeidstakaren vern. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar å skapa ein god ytringskultur og leggja til rette for intern varsling. Vik kommune har eigne retningslinjer for varsling som alle tilsette skal kjenna til.

Forvaltning av kommunen sine ressursar

Tilsette og folkevalde skal ha eit medvite forhold til at dei forvaltar samfunnet sine fellesmidlar på vegne av alle innbyggjarane i kommunen. Tilsette pliktar å bruka og ta vare på kommunen sine ressursar og eigedom på ein økonomisk og rasjonell måte, og ikkje misbruka eller sløsa med kommunen sine midlar. Tilsette og folkevalde skal ikkje tilegne seg personlege fordelar av kommunen sine ressursar.

Tilsette og folkevalde skal jobbe for å ivareta natur og miljø og forhalda seg til målsetjingar i kommunen sine overordna planar.

Innkjøp

Innkjøp skal gjerast i tråd med kommunen sine innkjøpsavtalar, økonomireglement og lov om offentlege anskaffingar.

Kommunal verksemd har miljømessige konsekvensar. Folkevalde og tilsette har ansvar for å vurdera og ta miljømessige omsyn ved innkjøp og drift.

Bruk av utstyr

Alt kommunalt utstyr skal berre brukast til kommunalt føremål. Det er ikkje høve til å låna kommunale bilar, utstyr eller liknande til private føremål. Evt. leige av kommunale lokale til private arrangement kan skje til tilsette på same vilkår som til andre.

Gåver

Tilsette og folkevalde må ikkje ta imot gåver eller personlege gode som kan påverka, eller vera egna til å påverka handlingar, saksførebuing eller vedtak. Det gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, som t.d. konfekt, blomar og liknande. Ved tilbod om gåver som går ut over desse retningslinjene, skal nærmeste overordna kontaktast. Mottekte gåver av ein slik art skal returnerast avsendar saman med eit brev som forklrar kommunen sine retningslinjer.

Moderate former for gjestfridom og representasjon hører med i samarbeid og informasjonsutveksling. Graden av slik merksemd må likevel ikkje utviklast slik at den får påverknad på endelige avgjerder eller at det kan bli oppfatta slik.

Reiseutgifter knytt til faglege invitasjonar til utstillingar, kurs og liknande skal dekkast av kommunen. Unntak frå dette prinsippet kan berre skje etter særskilt samtykke frå nærmeste overordna. For folkevalde vert det kravd samtykke frå ordførar.

Kurs, føredrag eller anna løna oppdrag.

Tilsette som får førespurnad om, eller på eige initiativ ynskjer å halda føredrag knytt til eige arbeidsfelt skal avklara dette med nærmeste overordna. Dersom førebuing og gjennomføring er lagt til arbeidstid, er det som hovudregel Vik kommune som skal fakturera honorar for føredraget. Den tilsette skal ikkje ta imot dobbel løn.

Tilsette kan ikkje utan at det er avklara med nærmeste overordna ta på seg bierverv, anna løna arbeid eller驱ra sjølvstendig verksemd i eit slikt omfang at det kan få negativ innverknad på vedkommande sitt arbeid i kommunen. Tilsette kan heller ikkje drive verksemd eller ta på seg ekstraarbeid som kan føra til at vedkomande blir inhabil.

Andre relevante reglement og retningsliner:

Reglement for kommunestyret

Reglement for formannskapet og andre utval

Personalhandbok for kommunalt tilsette i Vik kommune

Retningsliner for varsling (**under utarbeiding**)